

Jordskiftestudentane sin studietur 1985

Refleksjonar om planlegging i Athen

Kan ein storby funksjonera utan planlegging?

Etter eit kort møte med Athen og greske planleggarar sit ein igjen med mange spørsmål. Eit er særleg påtrengande: Kor lite samordna planlegging kan eit storbysamfunn klare seg med og fortsatt fungerere. Det er heilt tydeleg at Athen hittil har klart seg med ørlite. Det har nok vore laga planar både for byregionen, byen og dei ulike bydelane, men ingen utanom planleggarane synest ha vore interessert i kva som skjedde vidare med planane. Om dei vart vedteke for utbygginga var ferdig, så vart dei i alle fall ikkje sett ut i livet. Likevel synest byen å fungerere på eit vis, og ikkje mange utanom planleggarane syntest å meine at den kunne fungert betre med ein effektiv planadministrasjon.

Eit minimum av fellesskapstiltak.

For planlegginga som vitskap er situasjonen interessant av to grunnar. Athen markerer truleg eit minstemål på kva som må fungerere av fellesskapstiltak. Samtidig viser byen kva slags problem som oppstår, og kva for eit kvalitetsnivå ein får når byfellesskapet blir ein ukoordinert sum av avgjerder på grunneigar-, hushalds- eller slekts-nivå.

Tilførselen av elektrisitet synest å vere den einaste fellestenesta som fungerer tilfredsstillande. Største problema ligg på transportsida. Korleis skal bysamfunnet klare å avvikele det daglege transportarbeidet utan at det korkar seg fullstendig?

Nært knytt til dette er luftforurensinga, som einskilde dagar kan vere livstruande. I nokre deler av byen må innbyggjarane kjøpe vatn frå tankvogn. Kloakken er dårleg utbygd. Septiktank på kvar tomt er vanleg i mange deler av byen. Visuelt er kontrasten mellom den velstelte private gårdsplassen og det forsøpla smale gaterommet påfallande. Til tider kan heile deler av byen likne på ein permanent byggeplass. Det er vanleg å bygge husa bit for bit. Og når sonen skal gifte seg og treng eige hus, set dei opp ein etasje til.

Historisk bakgrunn.

Skal vi skjønne kvifor byen har fått utvikle seg utan planlegging, må vi sjå både på den historiske utviklinga av landet og på den greske kulturen. Den greske staten vart grunnlagt i 1832, og i 1833 vart Athen utpeika til hovudstad. Athen var den gongen ein liten landsby med 5-6000 innbyggjarar. Ved århundredskiftet var det vel 200 000 innbyggjarar i byen, og fram til i dag har byen omlag dubla innbyggjartalet kvart tjuande år til det i dag er mellom 3.5 og 4 millionar menneske i storbysamfunnet. Dette er omlag ein tredjedel av landets befolkning. Territoriet til den greske staten har gradvis vorte utvida ved at nye provinsar har vorte lagt til. Dei viktigaste kom etter Balkankrigane i 1912-13. Så seint som i 1947 vart Rhodos innlemma.

Befolkningsutviklinga og dermed veksten av Athen er prega av to viktige hendingar: Utvandringa til USA omkring århundredskiftet, da meir enn 400 000 flytte ut, og flyktingestraumen frå Tyrkia i 1922-23 etter at krigen mot Tyrkia var tapt. Dette ga meir enn 1.5 millionar innflyttarar. Ein stor del av dei slo seg ned i Athen.

Hellas i dag.

Som moderne stat er Hellas ny. Industrialiseringa er eit etterkrigsfenomen. Administrasjonen er sentralstyrt med svært lite makt på kommunenivå. Kommunane har t.d. ikkje egne skatteinntekter. Sentraladministrasjonen er likevel sterkt splitta i ulike departement med sterk korpsånd og lite sans for regjeringsfellesskapet. Dette er ofte kopla til rivalisering mellom ulike profesjonsgrupper. Kulturelt må landet karakteriserast som eit bondesamfunn med stor vekt på familie og slekt. Den sterke stoda til familien gjer det tilsvarande vanskeleg å utvikle sans for nye typer lokalsamfunn slik som t.d. storbyen. Ein tradisjon med sterk familie og slektskjensle kan og ha samanheng med den sterke korpsånda i dei ulike delane av sentraladministrasjonen.

Jord og jordeige.

Den korte avstanden til bondesamfunnet viser seg i den høge andelen av hushalda som også er jordeigar. Det vert rekna som truleg at storparten av hushalda i Athen er jordeigarar anten i byen eller utanfor. Dei som ikkje eig tomte si i Athen vil vanlegvis eige husværet som sjølvdeigarar.

Jordeigedommane er sterkt oppsplitta. Den gjennomsnittlege storleiken på kvar jordbruks eigedom er 4.1 daa og kvar brukar i lavlandet har i gjennomsnitt 4.5 teigar. Sidan 1972 har omlag 20% av jordbruksarealet vore gjennom jordskifte, utan påviselege verknader for strukturen i jordeigedommane. Så snart jordskiftet er over startar fragmenteringa i teigar på nytt.

Jord er kapital.

Tomte eller jordstykket ser ut til å vere familiens bankkonto. Det er forsikringa mot framtidige omveltningar, - og barnas arv. Jord sel ein berre om familien er i naud, når den treng kontantar for å investere i anna eigedom (som t.d. husvære i Athen) eller om barn treng vidareutdanning. I utkantane av Athen er det derfor mange fint inngjerda eller innmura tomter som ser ut til å ha lege unytta lenge. Utbygging av slike tomter skjer oftast ved at småentreprenørar inngår ein kontrakt med tomteiegaren om å bygge eit hus på tomte. Golvflata deler entreprenøren og tomteiegaren seg imellom. Til meir sentralt tomte ligg til større del av golvflata får tomteiegaren. Tomteiegaren kan såleis får opp til 80% av huset berre ved å la

entreprenøren få bygge. Sidan entreprenøren kan tene på det, må tomteceigarane gjere det godt.

Drivkrefter i byveksten.

Den uplanlagte byveksten skjer jamnt over på følgjande måte. Ein tiltakslysten entreprenør får kjøpt opp jordbruksjord i utkanten av byen. Han deler opp jorda i parsellar (mange tomter i Athen er nede i ein storleik på 110–120 kvadratmeter). Formelt er det framleis jordbruksjord, og det er forbod mot å bygge hus på slike jordbruksparsellar. Dei som kjøper «tomt» av entreprenøren gjer det for å få seg eit naudsynt tak over hovudet. (Nokon offentleg boligpolitikk har aldri funnest.) Over natta set dei opp eit skur og flytter inn. Er dei heldige (noko dei fleste synst vere), vil dei få ha det i fred for kontrollørar og politi og vil gradvis utvide bygget. Når husa er vel etablerte vil entreprenør og huseigarar legge press på politikarar for å få vedteke ein plan for området, så bygginga deira kan bli lovleg, og dei har krav på å bli knytt til infrastrukturen. Presset fører til at myndighetene må vedta ein plan med slik tomteoppdeling som entreprenøren laga. Dei tomtene han enno ikkje har selt stig då kraftig i verdi. Entreprenøren er blitt ein rik mann om han ikkje var det frå før. Sjølv om myndighetene teiknar inn gater og offentlege areal, har dette liten verknad. Ifølge gresk lov, må kommunen innan seks månader kjøpe dei offentlege areala som er lagt inn på planen. Før dei vedtar ein plan er det vanskeleg for kommunen å vite kva areal som bør kjøpast, etter at ein plan er vedteken stig prisen på jorda så mye at den ikkje har råd. (Ofte vil dei ikkje ha råd i noko fall.) Etter 6 mnd. får dermed jordeigaren rett til å bygge slik han vil. Dette forklarar at store deler av Athen har smale gater nesten utan fortau og at det manglar tomter for skular, barnchagar og andre offentlege bygg. Når planen er vedteken, har myndighetene visse plikter på seg til å skaffe fram vatn og å ordne kloakk og renovasjon. Kommunale myndigheter er derfor ofte lite interessert i å få vedteke planar.

Er folk negde med situasjonen?

Trass i den opplagte mangelen på planar og offentlege tenester synst det ikkje vere noko folkekrav om å få det. Gresk historie har vel heller ikkje synt folk nokon fordel med offentleg innsyn i kva individa foretar seg. Tvert imot må ein tru at dei manglande informasjonskanalane mellom grasrot og styresmakter har lange tradisjonar og at folk flest berre har tent på det. Planleggarar som i dag arbeider med regionplanen for Athen klagar over at opp mot 40% av befolkninga i eit område ikkje er telt med i folketellinga, fordi dei er registrert som busett på fødestaden sin og reiser dit både for å bli telt og for å stemme ved vala. Dei klagar også over at opp mot 50% av tomteceigarane i eit område kan vere ukjente. Da er det ikkje lett å vere planleggar. På den andre sida er det heller ikkje så lett for ein diktator å drive systematisk slakt på opposisjonen når dei ikkje veit noko om kven som er kvar og gjer kva. Eit samfunn av småbønder var ikkje lett å

regjere for dei gamle vikingekongane. Det er heller ikkje lett for ein moderne oberst. I mangelen på tiltru til og initiativ frå myndighetene er ikkje lovbrota berre lovløse, men eit uttrykk for sjølvtilitt og tiltakslyst. Det er enorme summer som har vore investert i dei «ulovlege» bydelane i Athen. Dei vitnar om både vilje og evne til å løyse sine egne problem framfor å skulde på kapitalismen eller vone at myndighetene skal «gjere» noko.

Når det er sagt, må vi og konstatere at med litt meir planlegging og evne til å ta opp og løyse fellesproblem, ville samfunnet vere svært mye betre for dei aller fleste. Kollektivtrafikk, eit differensiert gatenett, kloakk, og vatn klarer verken den enskildde eller foretak på ein frikonkurransemarknad å skaffe fram like rimeleg og effektivt som eit heilt eller halvoffentleg monopol. (Det synst typisk at den eine tenesta som fungerer, elektrisitetsforsyninga, er organisert som eit halvoffentleg monopol.)

Kva må gjerast for å betre situasjonen?

Det blir interessant å sjå om Andreas Papandreu, som no har fått ny kontrakt med det greske folket, kan få framgang for programmet sitt for styring av byveksten. Skal han lukkast krev det mellom anna opprydding i statsbyråkratiet, og overføring av makt til kommunane, utdanning av fagfolk og oppdrag til dei få planleggarane som finst (og som no har storparten av oppdraga sine utanfor Hellas). Men framom alt er det eit spørsmål om å endre kulturelle haldningar i det greske folket, haldningar til øvrigheit og haldningar til jordeige, som bønderne tok med seg til byen. Kulturelle haldningar lar seg ikkje endre fort og har avgjerande verknad på kva politikk som er mogeleg å gjennomføre for eit politisk system. Nett spørsmål om «haldningar til jordeige» peikar seg ut som eit interessant område for komparative studiar i ulike kulturar.

Erling Berge
Erik Langdalen